



Eigarstyring

– tiltak og gjennomføring
Eigarskapkontroll - Nissedal kommune

Innhald

Samandrag	ii
1 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	1
1.2 Metode	1
1.3 Kontrollkriterium.....	2
1.4 Høyring	2
2 Eigarskapsmelding	3
2.1 Fakta om eigarskapsmeldinga	4
2.2 Vurdering av eigarskapsmeldinga.....	5
3 Samordning med andre eigarar	6
3.1 Fakta om samordning med andre eigarar	6
3.2 Vurdering av samordning med andre eigarar	7
4 Opplæring av folkevalte	8
4.1 Fakta om opplæring.....	8
4.2 Vurdering av opplæring	9
5 Representasjon og val	10
5.1 Fakta om representasjon og val	10
5.2 Vurdering av representasjon og val	12
6 Innkallingar, avklaring og rapportering	13
6.1 Fakta om innkallingar, avklaring og rapportering	14
6.2 Vurdering av innkallingar, avklaring og rapportering	16
7 Habilitet.....	17
7.1 Fakta om habilitet	17
7.2 Vurdering av habilitet	17
8 Konklusjon og tilrådingar	18
8.1 Konklusjon	18
8.2 Tilrådingar.....	19
Vedlegg 1: Høyringsuttale.....	1

Foto framside: Svilen Milev, www.effective.com

Samandrag

Bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Nissedal kommune i sak 10/18. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i Nissedal kommune.

I kontrollen vil vi undersøke følgjande problemstillingar:

I kva grad legg Nissedal kommune til rette for god eigarstyring?

- Er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?
- Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?
- Sørger kommunen for
 - at folkevalte får opplæring om eigarstyring,
 - at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - at selskaps spørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

Metode

Eigarskapskontrollen er gjort i samsvar med reglane om gjennomføring av selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen er gjennomført av Gerd Smedsrud, og er kvalitetssikra av Kirsti Torbjørnson.

Kontrollen er retta mot kommunen som eigar, og gjeld delar av eigarskapsutøvinga i fire utvalde selskap:

- Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS (IATA)
- Interkommunalt Brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS (Brannvernssamarbeidet)
- Vest-Telemark Pedagogisk Psykologisk Teneste IKS (Vest-Telemark PPT)
- Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK)

Kontrollen bygger på dokumentasjon som vi har henta inn frå kommunen. Vi undersøker ikkje selskapa og styra si verksemd.

Konklusjon

Eigarskapsmeldinga er i stor grad i samsvar med reglar og tilrådingar, men har ikkje retningsliner som sikrar at kommunestyret eller anna politisk organ handsamar eigarsaker før møte i eigarorganet.

Nissedal kommune har felles eigarstrategi med dei andre eigarane for VTK AS, elles har ikkje kommunen felles eigarskapsmelding eller eigarstrategi for selskap kommunen eig saman med andre. Det er ikkje gjennomført uformelle eigarmøter i nokon av selskapa, men VTK AS har dette som punkt i eigarstrategien.

Eigarskap var ikkje eit tema i folkevaltopplæringa, men kommunestyret har handsama eigarskapsmeldinga to gonger i denne valperioden. Det kan ha gitt politikarane noko informasjon om kommunalt eigarskap.

Eigarrepresentantane er valde i samsvar med reglar og selskapsavtalar/vedtekter. Representantane er også sentrale folkevalde, i samsvar med tilrådingane til KS.

Dokument til representantskap og generalforsamling har ikkje vore lagt fram for kommunestyret. VTK AS har sendt innkallingane i samsvar med fristen i vedtektene, mens dei andre selskapa i stor grad ikkje har sendt innkallingane i samsvar med fristen i IKS-lova. Formålet med den lengre fristen i IKS-lova er at kommunen skal få høve til politisk handsaming.

Selskapsavtalen til Brannvernssamarbeidet IKS er ikkje i samsvar med IKS-lova når det gjeld frist for innkalling til representantskapsmøte og tidspunkt for fastsetjing av årsrekneskap og årsmelding.

Rådmannen har styreverv i eit av selskapa. KS tilrår at kommunestyret vurderer om ulempene ved å velje leiande tilsette til styremedlemmer overstiger behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

Tilrådingar

Vi tilrår at Nissedal kommune

- vurderer å legge til rette for å handsame eigarsaker i kommunestyret, i samsvar med retningsliner i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS
- vurderer å styrke folkevaltopplæringa i eigarskap
- vurderer om det er tenleg at rådmannen har styreverv
- vurderer å ta initiativ til at selskapsavtalen til Brannvernssamarbeidet IKS blir endra i samsvar med IKS-lova og IKS-forskriften

Nissedal kommune bør forsikre seg om at dei tre interkommunale selskapa sender innkallingar til representantskapsmøte i samsvar med gjeldande frist, og at Brannvernsamarbeidet IKS fastset årsrekneskap og årsmelding i samsvar med kravet i IKS-forskriften.

Skien 23.01.19

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Nissedal kommune i sak 10/18. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i Nissedal kommune.

I kontrollen vil vi undersøke følgjande problemstillingar:

I kva grad legg Nissedal kommune til rette for god eigarstyring?

- Er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?
- Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?
- Sørger kommunen for
 - at folkevalte får opplæring om eigarstyring,
 - at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - at selskaps spørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

I prosjektplanen står det at det kan vere aktuelt å ta med fleire føringar frå eigarskapsmeldinga i kontrollen, til dømes val av styre. Vi vil tilrå at dette blir gjort i ein eigen kontroll.

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2017 og 2018.

1.2 Metode

Denne kontrollen er ein eigarskapskontroll. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen er gjennomført av Gerd Smedsrud, og er kvalitetssikra av Kirsti Torbjørnson.

Kontrollen er retta mot kommunen som eigar, og gjeld delar av eigarskapsutøvinga i fire utvalde selskap:

- Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS (IATA)
- Interkommunalt Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS (Brannvernsamarbeidet)
- Vest-Telemark Pedagogisk Psykologisk Teneste IKS (Vest-Telemark PPT)

- Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK)

Vi undersøker ikkje selskapa og styra si verksemd.

Kontrollen bygger på dokumentasjon som vi har henta inn frå kommunen.

1.3 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 29. januar 1999 om interkommunale selskap (IKS-lova)
- forskrift 17. desember 1999 nr. 1568 om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper (IKS-forskriften)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- Nissedal kommune si eigarskapsmelding
- KS' anbefalinger for eierstyring
- Vedtekter/selskapsavtalar
- Relevante kommunestyrevedtak

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til kommunen og dei selskapa som er omtalt i rapporten. Rådmannen har gitt høyringssvar og dette følgjer som vedlegg til rapporten.

2 Eigarskapsmelding

Er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?

Kontrollkriterium

KS tilrår at kommunestyret fastsett overordna prinsipp for eigarskapet til kommunen i ei eigarskapsmelding (KS tilråding nr. 4).

Eigarskapsmeldinga bør minimum ha desse hovudpunkta:

- oversikt over verksemda til kommunen som er lagt i selskap og samarbeid
- politisk styringsgrunnlag gjennom prinsipp for eigarstyring i kommunen
- juridisk styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformene
- formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, inkludert styringsdokumenta
- samfunnsansvaret til selskapa knytt til miljø, likestilling, innsyn, etikk osv

Kommunestyret skal utarbeide og bør jamleg revidere styringsdokument og avtalar som regulerer styringa av selskapa (KS anbefaling nr. 5).

Det skal ikkje vere motstrid mellom eigarskapsmeldinga og reglane for dei ulike selskapsformene.

I ny kommunelov som gjeld frå neste valperiode¹, er det krav om eigarskapsmelding for kommunane i § 26-1. Kommunestyret sjølv skal vedta eigarskapsmeldinga minst ein gong i valperiode. Ny kommunelov vil stille krav til innhaldet eigarskapsmeldinga. Desse krava er omfatta av tilrådingane frå KS.

Vi har utleidd følgjande kriterium:

- **Eigarskapsmeldinga bør innehalde hovudpunkta i tilrådingane frå KS**

¹ Lova trer i kraft frå det tidspunkt Kongen bestemmer, jf. § 31-1. Ulike deler av lova kan tre i kraft til forskjellig tid. Reglane vil i hovudsak gjelde frå neste valperiode.

2.1 Fakta om eigarskapsmeldinga

Kommunen har eigarskapsmelding. Heile eigarskapsmeldinga blei vedteken i sak 55/18 i kommunestyret 07.09.18. Eigarskapsmeldinga har 4 delar, og del 1-3 blei vedteken i sak 15/16 10.03.16.

Del 1 gir informasjon om kvifor kommunar eig selskap, dei politiske og dei finansielle motiva kommunar ofte har. Vidare inneheld del 1 generell informasjon om dei ulike selskapsformane, kva lovar som regulerer dei ulike selskapsformane.

Del 2 inneheld prinsipp for eigarstyring i Nissedal kommune. Nissedal kommune har mellom anna disse prinsippa for si eigarstyring:

- Nissedal kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte, styret kontrollerer leiinga av selskapet.
- Kommunestyret er eigarorganet.
- I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarstrategi.
- Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret. Kommunestyret skal også få jamleg informasjon om selskapa.
- Det bør nyttast valnemnd for å setje saman styra.
- Godtgjersle til styret skal haldast på eit moderat nivå.
- Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon.
- Selskapa skal ha høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, mangfald og samfunnstryggleik.
- Selskapa skal ha eigne etiske retningslinjer.
- Nissedal kommune skal vere open om sine eigarstrategi og selskapa si verksemd.
- Styrerepresentantar i selskapa som Nissedal kommune eig, skal vere registrert i styrevervregisteret.

Del 3 gir eit oversyn over dei selskapa kommunen eig og storleiken på eigardelen til kommunen.

Del 4 er eigarstrategi for kvart av selskapa kommunen eig. Som ein del av eigarstrategien er

- generell informasjon om selskapa
- informasjon om eigarar og eignedelar
- selskapa sine styringsdokument
- selskapa sine formål og strategiar
- rolle og styreinformatjon
- nøkkeltall

- rutinar for rapportering til kommunen
- bakgrunn for eigarskapet
- kommunens eigarstrategi.

Vedtaket frå 07.09.18 om eigarskapsmeldinga seier at kommunestyret skal handsame eigarskapsmeldinga sin hovuddel (del 1,2 og 3) kvart fjerde år etter val av nytt kommunestyre, og at selskapsdelen blir rullert årleg i samband med selskapa si rapportering av rekneskapen.

2.2 Vurdering av eigarskapsmeldinga

Nissedal kommune har eigarskapsmelding som er vedtatt i kommunestyret i samsvar med tilrådingane frå KS. Eigarskapsmeldinga er i stor grad i samsvar med KS si tilråding, men vi meiner det ikkje gir godt nok politisk styringsgrunnlag at berre årsmeldingar blir lagt fram for politisk nivå i kommunen.

Eigarskapsmeldinga har eit innhald som er i samsvar med krava i ny kommunelov. Også planen for vidare handsaming av eigarskapsmeldinga er i samsvar med krava i ny kommunelov.

3 Samordning med andre eigarar

Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?

Kontrollkriterium

Kommunen eig selskapa saman med andre kommunar. Vi undersøker difor om kommunen har gjort tiltak for å sikre at føringar som ein vil at selskapet skal rette seg etter, er samordna med forventningar frå andre eigarar.

Både KS og kommunen si eigarskapsmelding tilrår at ein utarbeider ei felles eigarskapsmelding for felles eigarskap. Ei slik felles eigarskapsmelding vil sikre felles føringar frå eigarane der det er mogleg, jf. tilråding nr. 4. KS tilrår vidare at ein gjennomfører uformelle eigarmøte regelmessig, for å sikre god samhandling mellom eigarar og selskap. jf. tilråding nr. 6.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Kommunen bør vurdere felles/samordna eigarskapsmelding der det er mogleg.**
- **Det bør vere regelmessige eigarmøte med uformell diskusjon for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.**

3.1 Fakta om samordning med andre eigarar

IATA IKS er eigd av Drangedal, Nome, Åmli og Nissedal kommunar. Det er ikkje laga felles eigarskapsmelding for selskapet.

Brannvernsamarbeidet IKS er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke, Vinje og Nissedal kommunar. Det er ikkje laga felles eigarskapsmelding for selskapet.

Vest-Telemark PPT IKS Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke, Vinje og Nissedal kommunar og Telemark fylkeskommune. Det er ikkje laga felles eigarskapsmelding for selskapet.

VTK AS er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke, Vinje og Nissedal kommunar. Nissedal kommune har vedtatt felles eigarstrategi for VTK i sak 56/18 i møte 07.09.18.²

Eigarstrategien til VTK AS krev at det skal haldas minst eitt årleg eigarmøte. Føremålet med møtet er:

- å samordne og avklare problemstillingar kring eigarskapen.
- å etablere ein kontinuerlig styringsdialog med selskapet der viktige og prinsipielle saker kan diskuteras.

Det har ikkje vore uformelle eigarmøte mellom kommunen og nokon av selskapa i 2017 og 2018.

3.2 Vurdering av samordning med andre eigarar

Med unntak av VTK AS har ikkje Nissedal kommune tiltak for å sikre samordning av eigarinteressene med dei andre eigarkommunane, i samsvar med tilrådingane til KS og eigarskapsmeldinga.

Uformelle eigarmøte er ikkje gjennomført for nokon av selskapa, slik KS tilrår.

² Vi har ikkje undersøkt om dei andre eigarkommunane har vedtatt eigarstrategien. Forslaget til felles eigarstrategi for VTK var klar i juni 2018.

4 Opplæring av folkevalte

Sørger kommunen for at folkevalte får opplæring om eigarstyring?

Kontrollkriterium

KS tilråding nr. 1 om eigarskap handlar om obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalte. KS tilrår følgande:

Kommunen bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales at kommunestyret får en oversikt over status for selskapene.

Vi har utleidd følgjande kriterium:

- **Det skal vere obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for folkevalte og kontaktpersonar/sakshandsamarar i administrasjonen.**
- **Kommunestyret skal få ei oversikt over status for selskapa**

4.1 Fakta om opplæring

Kommunen har hatt folkevaltopplæring gjennom to heile dagar, 29.10.15 og 26.11.15. Prosessrettleiar var tidlegare ordførar i Kragerø, Kåre Preben Hegland. Opplæringa hadde ikkje kommunalt eigarskap som tema.

Gjennom eigarskapsmeldinga får kommunestyret ei oversikt over dei selskapa som kommunen eig, og kva selskapsforma inneber. Kommunestyret har handsama eigarskapsmeldinga to gonger, i møta 10.03.16 og 06.09.18. Kommunestyret vedtok i sak 55/18 i møte 06.09.18 at hovuddelen av eigarskapsmeldinga skal rullerast kvart fjerde år, etter val av nytt kommunestyre. Vidare vedtok kommunestyret at den delen av eigarskapsmeldinga som gjeld kvart selskap, skal rulleras årleg i samband med selskapa si rapportering av rekneskapen.

4.2 Vurdering av opplæring

Kommunen har ikkje hatt eigarskap som ein del av folkevaltopplæringa, slik KS tilrår. Handsaminga av eigarskapsmeldinga kan gi politikarane noko informasjon om eigarskap og den eigarrolla som kommunestyret har overfor selskapa.

Ved å rullere selskapsdelen av eigarskapsmeldinga årleg, har kommunen tiltak for å sikre at kommunestyret får informasjon om status i selskapa.

5 Representasjon og val

Sørger kommunen for at eigarrepresentanten har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner i eigarsskapsmeldinga?

Kontrollkriterium

Representasjon i eigarorganet er regulert i selskapslovene og i vedtekter/selskapsavtale. Det er skilnad på reglane om representasjon i eigarorganet for IKS og aksjeselskap. For IKS er kravet at eigarrepresentanten skal veljast av kommunestyret sjølv, og ein kan ikkje møte med annan fullmektig, jf. IKS-lova § 6. For aksjeselskap kan det peikast ut fullmektig, og det skal som hovudregel leggast fram skriftleg fullmakt i generalforsamling, jf. aksjelova § 5.

Både for aksjeselskap og interkommunale selskap tilrår KS at kommunestyret som hovudregel bør oppnemne sentrale folkevalte som eigarrepresentantar i eigarorganet (KS tilråding nr. 7).

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Representant/fullmektig til eigarorgan skal veljast/peikast ut i samsvar med gjeldande krav i lover og vedtekter/selskapsavtale.**
- **Eigarrepresentantane bør være sentrale folkevalte.**

5.1 Fakta om representasjon og val

IATA IKS

I følgje selskapsavtalen skal kvar kommune har tre medlemmer i representantskapet.

Kommunestyret har valt desse tre medlemmane med vara til representantskapet i IATA IKS:

- ordfører Halvor Homme, vara Runa Vee Tveit
- varaordfører Geir Christian Enger, vara Bjarne Reime.
- Anne Norma Oma Dahle, vara Ian Parry Jones³

Alle er medlemmer eller varamedlemmer i kommunestyret i Nissedal.

Protokollane frå representantskapsmøta viser at desse har møtt frå Nissedal kommune:

³ Møte i kommunestyre 29.10.15, sak 88/15

- 26.04.17: Halvor Homme, Anne Norma Oma Dahle, Bjarne Reime
- 30.11.17: Halvor Homme, Geir Christian Enger
- 25.04.18: Halvor Homme, Geir Christian Enger

Brannvernsamarbeidet IKS

I følgje selskapsavtalen skal representantskapet ha seks medlemmer og vere samansett av ordførarane i deltakarkommunane med varaordførarane som personlege vararepresentantar.

Kommunestyret har valt ordførar Halvor Homme som representant til representantskapet i Brannvernsamarbeidet IKS, med varaordførar Geir Christian Enger som vara.⁴

I følgje protokollane frå representantskapsmøta 18.05.17 og 22.05.18, møtte ordførar frå Nissedal kommune

Vest-Telemark PPT IKS

I følgje selskapsavtalen skal alle deltakarkommunane og fylkeskommunen velje kvar sin representant med personleg vara til representantskapet.

Kommunestyret har valt ordførar Halvor Homme som representant til representantskapet i Vest-Telemark PPT IKS, med varaordførar Geir Christian Enger som vara.⁵

I følgje protokollane frå representantskapsmøta 25.04.17, 14.11.17, 22.05.18 møtte ordførar frå Nissedal kommune. I representantskapsmøte 10.10.17 hadde Nissedal kommune forfall.

VTK AS

Vedtektene til VTK legg ingen føringar for kven som kan møte for kommunen i generalforsamlinga.

Kommunestyret har valt ordførar Halvor Homme til å møte i generalforsamlinga i VTK AS, med varaordførar Geir Christian Enger som vara.⁶

I følgje protokollane frå generalforsamlingane 30.06.17 og 27.06.18 møtte ordførar frå Nissedal kommune

⁴ Møte i kommunestyre 29.10.15, sak 88/15

⁵ Møte i kommunestyre 29.10.15, sak 88/15

⁶ Møte i kommunestyre 29.10.15, sak 88/15

5.2 Vurdering av representasjon og val

Representantane er valde i samsvar med reglar og selskapsavtalar/vedtekter.

Representantane er også sentrale folkevalde, i samsvar med tilrådingane til KS.

6 Innkallingar, avklaring og rapportering

Sørger kommunen for at selskaps spørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga?

Kontrollkriterium

Kommunestyret er øvste organ i kommunen, og har all mynde som ikkje er delegert. Den som er peika ut til å møte i generalforsamling og valt representant i representantskapet har den mynde som kommunestyret har delegert. KS tilrår at kommunen etablerer føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorganet, for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarrepresentanten si mynde. Kommunestyret bør derfor handsame innkallingar til representantskap og generalforsamling i forkant av møta, for å avklare kva mynde representanten har.

For å få til dette er kommunen avhengig av å få innkallingar og sakspapir i god nok tid før møtet i eigarorganet. Innkallingsfrist for IKS er i følgje IKS-lova 4 veker, for aksjeselskap er det 1 veke, med mindre lenger frist er sett i vedtektene. KS rår til at ein vedtektsfestar lenger innkallingsfrist for aksjeselskap, slik at eigar får høve til å handsame innkallingane før møte i eigarorganet.

I følgje eigarskapsmeldinga skal årsmeldingar bli lagt fram for kommunestyret. Kommunen si eigarskapsmelding har ikkje omtale av politisk handsaming av innkallingar eller av innkallingsfristar for selskapa.

Representantskapet til IKS skal fastsette årsregnskapet med årsmelding før 1. mai følgjande år, jf IKS-forskriften § 4. Generalforsamlinga til aksjeselskap skal godkjenne årsregnskapet og årsmelding innan utgangen av juni påfølgjande år, jf aksjeloven § 5-5.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Årsmøtedokument til kvart selskap bør som hovudregel vere handsama av kommunestyret, før møte i eigarorganet.**
- **Eigar bør forsikre seg om at selskapa kallar inn til møte i eigarorgan med føremålstenleg frist og i samsvar med gjeldande krav.**

6.1 Fakta om innkallingar, avklaring og rapportering

Kommunestyret har handsama saker om selskapsavtalar og eigarstrategi i 2017 og 2018. Vi har ikkje sett at kommunestyret har handsama innkallingar til eigarorgan eller selskapsaker om budsjett eller rekneskap med årsmelding.

IATA IKS

Selskapsavtalen til IATA IKA seier at representantskapet vedtar anleggsutbygging, storleik på gebyr og opptak av lån. Tabellen under viser når innkalling med saksliste blei sendt, når representantskapet var, tid frå innkallinga til møte i representantskapet, og når det var møte i kommunestyret.

Tabell 1

Innkalling sendt ut	Tidspunkt for representantskap	Tid frå innkalling til møte i rep.skap	Tidspunkt for kommunestyret
10.04.17	26.04.17	2 veker	16.03.17
21.11.17	30.11.17	1 ½ veker	02.11.17
April 18	25.04.18		19.04.18

Brannvernssamarbeidet IKS

Selskapsavtalen til Brannvernssamarbeidet IKS seier at innkalling til representantskapsmøte skal vere sendt minst to veker før møtet. Tabellen under viser når innkalling med saksliste blei sendt, når representantskapet var, tid frå innkallinga til møte i representantskapet, og når det var møte i kommunestyret.

Tabell 2

Innkalling sendt ut	Tidspunkt for representantskap	Tid frå innkalling til møte i rep.skap	Tidspunkt for kommunestyret
Ikkje datert	18.05.17		16.03.17 og 18.05.17
02.11.17	24.11.17	3 veker	02.11.17
Ikkje datert	22.05.18		19.04.18

Selskapsavtalen til Brannvernssamarbeidet IKS krev at representantskapet skal ha møte innan utgangen av juni.

Vest-Telemark PPT IKS

Selskapsavtalen til Vest-Telemark PPT IKS krev at innkalling til representantskapet skal vere sendt minst fire veker før møtet. Tabellen under viser når innkalling med saksliste blei sendt, når representantskapet var, tid frå innkallinga til møte i representantskapet, og når det var møter i kommunestyret.

Tabell 3

Innkalling sendt ut	Tidspunkt for representantskap	Tid frå innkalling til møte i rep.skap	Tidspunkt for kommunestyret
24.03.17	25.04.17	4 veker	16.03.17
29.09.17	10.10.17	1 ½ veker	05.10.17
07.11.17	14.11.17	1 veke	02.11.17
11.05.18	22.05.18	1 ½ veke	19.04.18

Selskapsavtalen til Vest-Telemark PPT IKS krev at årsregnskapet med årsmelding skal handsamast av representantskapet innan 1. mai.

VTK AS

Vedtektene til VTK AS krev at innkalling til generalforsamling skal vere sendt seinast 3 veker før møtet. Tabellen under viser når innkalling med saksliste blei sendt, når generalforsamlinga var, tid frå innkalling til generalforsamling, og når det var møte i kommunestyret.

Tabell 4

Innkalling sendt ut	Tidspunkt for generalforsamling	Tid frå innkalling til generalforsamling	Tidspunkt for kommunestyret
29.05.17	30.06.17	4 ½ veke	15.06.17
04.06.18	27.06.18	3 ½ veke	14.06.18

6.2 Vurdering av innkallingar, avklaring og rapportering

Årsmøtedokumenter er ikkje handsama i kommunestyret. Heller ikkje årsmeldingar er lagt fram for kommunestyret, slik eigarskapsmeldinga krev.

VTK AS har sendt innkallingar i samsvar med kravet i vedtektene. Ifølgje vedtektene skal innkalling sendast med lenger frist enn aksjelova krev. Det gir kommunestyret betre høve til å handsame innkallinga frå selskapet. Som tabell 4 viser, hadde det vore mogleg for kommunestyret å handsame innkallingane frå VTK AS.

Dei interkommunale selskapa har sendt dei fleste innkallingane for seint i forhold til fristen på fire veker i IKS-lova. Kommunestyret har sjeldan møter. Det kan derfor vere vanskelig å få til at kommunestyret handsamar innkallingar til representantskap. Som vi ser av tabellane 1, 2 og 3 ville kommunestyret nokre gonger hatt høve til å handsame innkallinga, dersom innkallingane hadde vore sendt ut i samsvar med kravet i IKS-lova, men ikkje alltid.

Eigarkommunane er ansvarlege for sin del av skyldnaden til et interkommunalt selskap (IKS). Selskapet sitt budsjett er endelig når det er vedtatt av representantskapet. Det er derfor viktig at kommunestyret har handsama budsjettet før representantskapsmøtet, slik at representanten har avklart mandatet sitt.

Innkallingane har inneholdt sakliste, som er i samsvar med krava til innkalling.

Innkallingsfristen i selskapsavtalen til Brannvernssamarbeidet IKS er ikkje i samsvar med IKS-lova. Heller ikkje kravet om at representantskapet skal ha møte innan utgangen av juni, er i samsvar med kravet i IKS-forskriften. Representantskapsmøtet har vore i mai, noko som er for seint i forhold til kravet om å fastsetje årsrekneskapen innan 1. mai.

7 Habilitet

Sørger kommunen for tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

Kontrollkriterium

Den som sit i styret i eit selskap blir inhabil til å handsame saker for kommunen der selskapet er part, jf. kommunelova § 40 nr. 3, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e). Avgjerd om habilitet/inhabilitet i fokevalde organ skal protokollførast, jf. kommunelova § 30 nr. 4. For IKS er det tilsvarande reglar om habilitet i IKS-lova § 15.

Habilitetsreglane gjeld alle avgjerder som kommunen treff, også når representanten treff avgjerd på vegne av kommunen i generalforsamling. Dette inneberer at styremedlemmene i et selskap, ikkje kan forberede saker eller treffe avgjersler for kommunen i eigarorganet.

Både eigar og selskap må ha tiltak som sikrar at ein handterer habilitetskonfliktar. KS tilrår at eigar (kommunestyre) vurderer habilitetsulempene dersom ein vel administrative leiarar og sentrale folkevalte til styremedlemmer, og meiner at ordførar og rådmann ikkje bør veljast til styre (tilråding nr. 9 og 15). Medlem av representantskapet i et IKS kan ikkje veljast til selskapet sitt styre, jf. IKS-lova § 10.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **eigarrepresentantane til eit interkommunalt selskap skal ikkje sitte i styret for selskapet.**
- **ordførar og rådmann bør ikkje vere styremedlemmer i selskapa til kommunen.**

7.1 Fakta om habilitet

Eigarrepresentantane til Nissedal kommune, inkludert ordførar, er ikkje styremedlemmar i dei selskapa vi har undersøkt.

Rådmannen er styreleiar i Vest-Telemark PPT IKS.

7.2 Vurdering av habilitet

Styrevervet til rådmannen fører til at han blir inhabil til å førebu og avgjere saker der selskapet er part. Når rådmannen er inhabil, blir alle tilsette i kommunen inhabile til å avgjere saker der selskapet er part. Det er opp til kommunestyret å vurdere om rådmannen vil bli inhabil ofte, og om det likevel er tenleg at rådmannen har styreverv.

8 Konklusjon og tilrådingar

8.1 Konklusjon

Eigarskapsmeldinga er i stor grad i samsvar med reglar og tilrådingar, men har ikkje retningsliner som sikrar at kommunestyret eller anna politisk organ handsamar eigarsaker før møte i eigarorganet.

Nissedal kommune har felles eigarstrategi med dei andre eigarane for VTK AS, elles har ikkje kommunen felles eigarskapsmelding eller eigarstrategi for selskap kommunen eig saman med andre. Det er ikkje gjennomført uformelle eigarmøter i nokon av selskapa, men VTK AS har dette som punkt i eigarstrategien.

Eigarskap var ikkje eit tema i folkevaltopplæringa, men kommunestyret har handsama eigarskapsmeldinga to gonger i denne valperioden. Det kan ha gitt politikarane noko informasjon om kommunalt eigarskap.

Eigarrepresentantane er valde i samsvar med reglar og selskapsavtalar/vedtekter. Representantane er også sentrale folkevalde, i samsvar med tilrådingane til KS.

Dokument til representantskap og generalforsamling har ikkje vore lagt fram for kommunestyret. VTK AS har sendt innkallingane i samsvar med fristen i vedtektene, mens dei andre selskapa i stor grad ikkje har sendt innkallingane i samsvar med fristen i IKS-lova. Formålet med den lengre fristen i IKS-lova er at kommunen skal få høve til politisk handsaming.

Selskapsavtalen til Brannvernssamarbeidet IKS er ikkje i samsvar med IKS-lova når det gjeld frist for innkalling til representantskapsmøte og tidspunkt for fastsetjing av årsrekneskap og årsmelding.

Rådmannen har styreverv i eit av selskapa. KS tilrår at kommunestyret vurderer om ulempene ved å velje leiande tilsette til styremedlemmer overstiger behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

8.2 Tilrådingar

Vi tilrår at Nissedal kommune

- vurderer å legge til rette for å handsame eigarsaker i kommunestyret, i samsvar med retningsliner i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS
- vurderer å styrke folkevaltopplæringa i eigarskap
- vurderer om det er tenleg at rådmannen har styreverv
- vurderer å ta initiativ til at selskapsavtalen til Brannvernsamarbeidet IKS blir endra i samsvar med IKS-lova og IKS-forskriften

Nissedal kommune bør forsikre seg om at dei tre interkommunale selskapa sender innkallingar til representantskapsmøte i samsvar med gjeldande frist, og at Brannvernsamarbeidet IKS fastset årsrekneskap og årsmelding i samsvar med kravet i IKS-forskriften.

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Fra: Sverre Sæter <sverre.seter@nissedal.kommune.no>

Sendt: 18. desember 2018 19:42

Til: TFK-POST-TKR <post-tkr@tekomrev.no>

Emne: Høyrings svar eigarkontroll Nissedal kommune

Syner til førebels rapport etter eigarskapskontroll – Nissedal kommune

Som rådmann i Nissedal kommune gjev eg dette høyrings svaret:

Eg er tilfreds med at eigarskapskontrollen konkluderer med at eigarskapsmeldinga vår i stor grad er i samsvar med reglar og tilrådingar frå KS.

I medhald av selskapsavtalen til PPT IKS vert Styret valt av representantskapet for to år om gongen. Det har vore sedvane for at Styret til PPT IKS er samansett av tre representantar frå administrasjonane til eigarkommunane. Den eine skal gå ut frå rådmannsutvalet, den andre frå forum for utdanning og den tredje skal vere ein økonomisjef. Det har vidare vore vanleg at Styret vel leiar, og at det er representanten frå rådmannsutvalet som blir styreleiar.

Øvrige merknader og tilrådingar tek eg til vitande.

Med helsing

Sverre Sæter

Rådmann Nissedal kommune

e-post: Sverre.seter@nissedal.kommune.no

Telefon 35 04 84 02/993 40 862

